

Notat 2004–28

Økonomien i jordbruket på Vestlandet 1994–2003

Heidi Knutsen
Jon Sværen

Tittel	Økonomien i jordbruket på Vestlandet 1994–2003
Forfattere	Heidi Knutsen, Jon Sværen
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2004
Antall sider	71
ISBN	82-7077-596-7
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruksdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår om lag 1000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Det er stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet. I tillegg er det er eit mål for NILF å gjere data frå driftsgranskningane lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek 177 bruk frå Vestlandet i granskinga, om lag 60 bruk frå kvart fylke. Dei økonomiske data i 10-årstrendane i kapittel tre, er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5-10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Driftsgranskningane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved all kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet. Jon Sværen har oppdatert alle tabellar og figurar i dette notatet. Heidi Knutsen har hatt ansvaret for teksten. Takk til Gerd Bråten som har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, desember 2004

Ivar Pettersen

Innhold

1	INNLEIING	1
2	KRITERIUM FOR INNDELING - JORDBRUKET	3
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	5
3.1	Effektivitetsutviklinga i jordbruket dei siste 10 åra	5
3.2	Resultatmål i jordbruket	7
3.2.1	Driftsoverskot	7
3.2.2	Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk	9
3.2.3	Lønsevne per time	11
3.3	Skogbruket	12
3.4	Tilleggsnæring	13
3.5	Totaløkonomien på vestlandsbruka	14
3.5.1	Nettoinntekt	14
3.6	Nettoinvestering	17
3.7	Gjeld 19	
3.8	Soliditet - egenkapitalprosent	21
4	DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2003	23
5	TABELLSAMLING 1994 – 2003	27

Figurar

Figur 2.1	Regionar.....	3
Figur 3.1	Tal arbeidstimar i middel bruk for produksjonane frukt, mjølk,mjølk/sau, mjølk/svin og sauehold for åra 1994 og 2003.....	7
Figur 3.2	Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet.....	7
Figur 3.3	Driftsoverskot per bruk i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka.....	9
Figur 3.4	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper.....	11
Figur 3.5	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet.....	12
Figur 3.6	Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for dei ulike storleiksgrupper.....	11
Figur 3.7	Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for ulike driftsformer.....	11
Figur 3.8	Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet.....	12
Figur 3.9	Lønsevneper time for dei tre vestlandsfylka.....	12
Figur 3.10	Lønsevne per time for dei ulike driftsformene.....	13
Figur 3.11	Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet.....	13
Figur 3.12	Driftsoverskot tilleggsnæring, gjennomsnitt for Vestlandet, 1997-2003.....	14
Figur 3.13	Driftsoverskot frå tilleggsnæring 2003.....	15
Figur 3.14	Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet.....	15
Figur 3.15	Nettoinntekt i middel per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.....	16
Figur 3.16	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Hordaland.....	17
Figur 3.17	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Sogn og Fjordane.....	17
Figur 3.18	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Møre og Romsdal.....	18
Figur 3.19	Nettoinvesteringar dei tre vestlandsfylka.....	19
Figur 3.20	Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk, sau og frukt.....	19
Figur 3.21	Gjeld i middel per bruk for heile landet og vestlandsfylka.....	20
Figur 3.22	Gjeld i middel per bruk for dei ulike driftsformene.....	21
Figur 3.23	Gjeld og nettoinvestering i jordbruket på bruk med driftsform mjølk/svin.....	21
Figur 3.24	Eigenkapitalprosent for vestlandsfylka.....	22
Figur 3.25	Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene.....	23

Tabellar

Tabell 2.1	Deltakarbruka fordelt på regionar og storleiksgrupper	4
Tabell 2.2	Deltakarbruka fordelt på regionar og driftsformer	4
Tabell 3.1	Tal arbeidstimar i middel per bruk for produksjonane frukt, mjølk, mjølk/sau, mjølk/svin og sauehald for åra 1994-2003	6
Tabell 3.2	Produksjonsomgang og produktivitet for driftsforma mjølk/storfe	6
Tabell 3.3	Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma sauehald	7
Tabell 4.1	Samla oversikt for 2003	25
Tabell 4.2	Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk a 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975-2003	25

Tabellsamling

Tabell 1	Landsdeltal, Vestlandet	28
Tabell 2	Fylkestal, Hordaland	31
Tabell 3	Fylkestal, Sogn og Fjordane	34
Tabell 4	Fylkestal, Møre og Romsdal	37
Tabell 5	Vestlandet, storleiksgrupper, gruppe 1 (under 50daa), alle driftsformer	40
Tabell 6	Vestlandet, storleiksgruppe II (50-100 daa), alle driftsformer	43
Tabell 7	Vestlandet, storleiksgruppe III (100-200 daa), alle driftsformer	46
Tabell 8	Vestlandet, storleiksgruppe IV (200-300 daa), alle driftsformer	49
Tabell 9	Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer	52
Tabell 10	Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon	55
Tabell 11	Vestlandet, driftsformer, sauehald	58
Tabell 12	Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin	61
Tabell 13	Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau	64
Tabell 14	Vestlandet, driftsformer, frukt	66

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000 – 80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert mellom fem og ti prosent av deltakarbruka skifta ut.

Oppbygging av notatet

I 2003 var det i alt med 932 bruk i driftsgranskingane. Av desse kom 177 bruk frå vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra, med hovudvekt på rekneskapsåret 2003.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettnemda for jordbruket

Kapittel to viser nokre av kriteria for inndeling av bruka som er med i driftsgranskingane. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Fjerde kapittel inneheld den årlege pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2003.


Kapittel fem er sjølve tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Kriterium for inndeling - jordbruket

Regionar

Inndelinga i regionar går fram av figur 2.1. Austlandet og Trøndelag er delt i underområda flatbygder og «andre bygder», mens Jæren er skilt ut frå Agder og Rogaland som et eige underområde. Grunnen er at flatbygdene og Jæren har et vesentlig betre produksjonsgrunnlag enn resten av de respektive regionane.



Figur 2.1 Inndeling i landsdelar og regionar

Storleiksgrupper

Deltakarbruka deles i storleiksgrupper etter jordbruksareal, som vist i tabell 2.1

Tabell 2.1 Deltakarbruka fordelt på regionar og storleiksgrupper

Storleiks-grupper, dekar	Austlandet		Agder og Rogaland		Vest- landet	Trøndelag		Nord- Noreg	Alle bruk
	Flat- bygder	Andre bygder	Jæren	Andre bygder		Flat- bygder	Andre bygder		
35–50	2				7				9
50–100	2	15	3	10	39			12	81
100–200	29	76	16	42	80	19	29	44	335
200–300	46	43	17	26	34	35	25	36	262
300–500	69	26	7	14	15	22	12	24	189
Over 500	44	6		1	2	3			56
Alle	192	166	43	93	177	79	66	116	932

Driftsformer

Bruka vert fordelte på driftsformer ut frå arealbruk og husdyrhald. Produksjonar som utgjer mindre enn 10 prosent av total produksjon på bruket, inngår ikkje i driftsformkoden. På bruk med husdyrproduksjon, vert korn rekna som ein del av fôrgrunnlaget. Dersom meir enn 40 prosent av jordbruksarealet vert brukt til kornproduksjon, blir driftsforma kombinert korn-husdyr. Av de 932 bruka som har vore med i driftsgranskingane for 2003, er 761 klassifisert i ei av de åtte driftsformene som er vist i tabell 2.2. Resten av bruka har enten meir enn to hovudproduksjonar, eller ei driftsform som er lite vanleg.

Tabell 2.2 Deltakarbruka fordelt på regionar og driftsformer

Driftsformer	Austlandet		Agder og Rogaland		Vest- landet	Trøndelag		Nord- Noreg	Alle bruk
	Flat- bygder	Andre bygder	Jæren	Andre bygder		Flat- bygder	Andre bygder		
Kumjolk/storfe-slakt	33	72	20	48	78	37	55	69	412
Kumjolk/svin	1	7	13	6	15				42
Kumjolk/sau		9	4	8	29			2	52
Korn	48	22				16			86
Korn/svin	26	3				11			40
Kumjolk/storfe-slakt/korn	21	7		1		2			31
Sau		23		3	19	1	10	17	73
Geit		1			4			20	25
Andre	63	22	6	27	32	12	1	8	171
Alle	192	166	43	93	177	79	66	116	932

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

Dette kapitlet syner ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1994 til og med 2003. Materialet er gruppert etter region, fylke, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små. For dei små gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på einsskilde bruk gje store utslag på resultatata.


Alle resultatata i dette kapitlet er omrekna til 2003-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Effektivitetsutviklinga i jordbruket dei siste 10 ara

Ved å sjå på endringar i tal arbeidstimar i jordbruket, dyretal og areal kan vi sei noko om effektivitetsutviklinga i perioden.

Dei fleste deltakarane i driftsgranskingane noterer arbeidstimar kvar veke gjennom heile året. For resten av bruka vert timetalet fastsett skjønsmessig av brukaren. Desse registreringane viser at samla arbeidsinnsats i jordbruket har halde seg ganske stabil gjennom heile perioden for dei fire driftsformene; mjølk/storfekjøtt, mjølk/svin, sau og frukt. Figur 3.1 viser fordeling av arbeid fordelt på familien og leigd hjelp for dei fire produksjonane. Eit årsverk er definert som 1 845 timar.

Mjølk/ svin er den mest arbeidskrevjande produksjonen, og den einaste av produksjonane der det har vore ei auke i arbeidsinnsats gjennom perioden, frå 2,1 årsverk i 1994 til 2,3 årsverk i 2003 (8 %). Samstundes har til dømes mengda omsett svinekjøtt auka med 135 % og omsett mjølk med 20 % for denne driftsforma. Mjølkeproduksjonsbruka har hatt ein nedgang i timetal per årsku på 21 %. Omsett mjølk har auka med 28 % og omsett storfekjøtt med 40 %. Bruka med sau har hatt ein nedgang i arbeidsforbruk per vinterfôra sau med 2 timar, eller 10 %, medan omfanget er auka frå 81 til 88 vinterfôra sau per bruk (9 %). Samstundes er arealet auka med 74 % medan grovfôravlina er redusert frå 339 FEm til 244 FEm per dekar. Noko av denne endringa i areal og avling har truleg skjedd som følge av endringar i regelverk. Andre forklaringar er god tilgang på rimeleg leigejord som vert driven ekstensivt.



Figur 3.1 Tal arbeidstimer i middel per bruk for produksjonane frukt, mjølk, mjølk/sau, mjølk/svin og sauehald for åra 1994² og 2003

Tabell 3.1 Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma mjølk/svin

Mjølkg og gris	1994	2003	Endring fra 1994 til 2003
Areal	144	214	48 %
Arskyr	11,2	14,0	25 %
Mjølkomsett, kg	65 332	78 675	20 %
Tal grisekull	18	39	117 %
Storfekjøtt, kg omsett	3 154	3 412	8 %
Slaktegris, kg omsett	9 080	21 305	135 %
Arsverk	2,1	2,3	8 %

Tabell 3.2 Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma mjølk/storfekjøtt

Mjølkg	1994	2003	Endring fra 1994 til 2003
Areal	130	186	43 %
Arskyr	11,6	14,6	26 %
Mjølkomsett, kg	65 484	83 941	28 %
Storfekjøtt, kg omsett	2 423	3 400	40 %
Mjølkg per arsku	6 296	6 468	3 %
Timar per arsku	266	210	-21 %
Arsverk	1,7	1,7	-1 %

² I 1994 vart det ikkje skilt mellom betalt og ubetalt arbeid

Tabell 3.3 Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma sauehald

Sau	1994	2003	Endring fra 1994 til 2003
Areal	74	128	74 %
Vinterfora sau	81	88	9 %
Kjøtt per vf sau	25	22	-12 %
Timar per vf sau	23	21	-10 %
Arsverk	1,0	1,0	-2 %


3.2 Resultatmal i jordbruket

Figurane i dette avsnittet syner utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.

3.2.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og gje vederlag til både eigen og lånt kapital. Frå og med år 2002 er det føreteke ei rekneskapsmessing endring i materialet ved at det ikkje er sett inn verdi for gratisarbeid utført av slektningar/ andre. Denne endringa påverkar storleiken på driftsoverskotet i jordbruket og i skogbruket, samt nettoinntekta. På grunn av denne metodeendringa i 2002, vil ikkje driftsoverskotet vere samanliknbart med tal frå eldre publikasjonar. Alle åra bakover i dette notatet er rekna om etter ny metode.


Utviklinga for Vestlandet følgjer same trenden som resten av landet, men overskotet ligg på eit lågare nivå, sjå figur 3.2. Årsaka til dette er at bruka på Vestlandet er mindre enn landsgjennomsnittet. Driftsoverskotet viste ei kraftig auke i 2002. Produksjonsvolumet auka og det vart oppnådd gode prisar på sentrale produkt som mjølk og svinekjøtt. 2002 var også eit svært godt produksjonsår for fruktprodusentane på Vestlandet. I 2003 er driftsoverskotet om lag på nivå med 2001.



Figur 3.2 Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet

Samanliknar vi dei tre vestlandsfylka, ser vi Møre og Romsdal ligg noko over dei to andre vestlandsfylka. Møre og Romsdal har i gjennomsnitt dei største bruka, og ein del av desse har driftsform mjølk/gris som er den driftsforma som tradisjonelt har hatt det høgaste driftsoverskotet (Sjå figur 3.5). Ulik bruksstorleik og driftsform forklarar mykje av variasjonane mellom fylka. Om vi samanlikner resultatet i 2003 med 2001, ligg Hordaland litt under, Møre og Romsdal om lag likt og Sogn og Fjordane litt over. Av dei tre vestlandsfylka var det berre Sogn og Fjordane som hadde ei auke i driftsoverskotet frå 2002 til 2003. I dette fylket var nedgangen i mjølkepris (-6 øre) samanlikna med året før, noko mindre enn i dei to andre fylka. I tillegg var det ei relativt stor auke i produksjon, særleg av svinekjøt, som saman med auka priser på slakt, gav ei betre utvikling i Sogn og Fjordane enn i to andre fylka.


Størsteparten av fruktbruka som er med i driftsgranskingane, ligg i Hordaland. Nedgang i resultatet for fruktprodusentane saman med nedgang i mjølkepris (-15 øre) og stor kostnadsauke gav det dårlegaste driftsresultatet for Hordaland i tiårsperioden.



Figur 3.3 Driftsoverskot per bruk i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka

Storleiken på vestlandsbruka har auka jamt heile perioden. Etter år 2000 har vi derfor også data for bruk over 300 dekar (figur 3.4).


I løpet av tiårsperioden har driftsoverskotet minka meir for dei store bruka enn for dei små, så skilnaden mellom gruppene har blitt mindre. Størst nedgang frå 2002 til 2003, hadde dei største og dei minste bruka. Felles for alle gruppene er ei stor auke i kostnader. Mange av fruktbruka kjem i gruppa med dei minste bruka. Eit middels år for desse bruka er med på å trekke ned gjennomsnittet for denne gruppa. For dei andre gruppene har ikkje auka inntekter vore nok til å vege oppfor auka kostnader.



Figur 3.4 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper

Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøtt er den største driftsforma på Vestlandet. Driftsoverskotet viser ein nedgang første del av perioden, deretter ein stabil periode. I 2003 er driftsoverskotet for denne driftsforma om lag som i 2001.

Kombinasjonen mjølk- og svin har det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden (figur 3.5) Driftsresultatet til fruktbruka svingar frå år til år avhengig av avlingsresultat. Etter eit svært godt år i 2002, var 2003 eit middels år for fruktbruka. Bruka med ein-sidig sauehald har framleis svakt resultat, men denne produksjonen var den einaste som oppnådde ei auke i driftsoverskotet frå 2002 til 2003.




Figur 3.5 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet


3.2.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital per arsverk

Vederlaget syner kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp) og til forrenting av eigenkapitalen.

I første del av perioden hadde dei største bruka det høgaste vederlaget til arbeid og egenkapital per årsverk. Mot slutten av perioden er skilnadene mellom gruppene mindre, og i 2003 var vederlaget om lag likt for bruka frå 200 til 300 dekar og for bruka frå 100 til 199 dekar. Dei største bruka, større enn 300 dekar, hadde ei stor auke i arbeidsinnsats frå 2002 til 2003. Saman med stor nedgang i driftsoverskot, førde det til at vederlaget vart lågt for denne gruppa i 2003.



Figur 3.6 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for dei ulike storleiksgrupper




Figur 3.7 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for ulike driftsformer

3.2.3 Lønsevne per time


Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering.

Samanlikna med gjennomsnittet for heile landet, har lønsevna per time for Vestlandet lege lågt heile tiårsperioden, sjå figur 3.8.




Figur 3.8 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet.

Deler vi inn materialet for Vestlandet i fylke, ser vi at Møre og Romsdal har lege høgast dei fleste åra i perioden.



Figur 3.9 Lønsevne per time for dei tre vestlandsfylka


Lønsevna for driftsformene mjølk og mjølk/ sau har halde seg stabil dei siste åtte åra (figur 3.10). Driftsforma sau har hatt ein jamt over låg lønsevne per time, med ein botnotering i 2001 på kr 10 per time.



Figur 3.10 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene

3.3 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv lite aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På ein del bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet ligg rundt kr 3 – 4 000 frå 1994 til 1999 (figur 3.11). Dei siste åra er overskotet redusert. Årsaka er låge prisar på tømmer og dermed redusert aktivitet i skogen.




Figur 3.11 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

3.4 Tilleggsnæring


Bruka som er med i driftsgranskingane vert rekrutterte med tanke på den jordbruksproduksjonen som er på bruket. Eit av krava for at eit bruk skal kunne vere med i driftsgranskingane, er at jordbruksdrifta skal vere av ei viss storleik. Det vert ikkje rekruttert bruk med tanke på den tilleggsnæringa som vert driven på bruket. Det har derfor førebels ikkje vore eit mål at driftsstatistikken skal vere representativ for tilleggsnæring. Tilleggsnæring vert i driftsgranskingane definert som næring som tek utgangspunkt i bruket sine ressursar.

I gjennomsnitt for bruka på Vestlandet utgjer tilleggsnæring lite, og det har ikkje vore nokon markert auke i inntekt frå tilleggsnæring dei siste åra. Først i 1997 vart tilleggsnæring skilt frå anna næring i registreringane, før dette vart tilleggsnæring med utgangspunkt i bruket sine ressursar slege saman med andre næringar utanom jord og skog. Figur 3.12 viser utvikling i gjennomsnittlig driftsoverskot for tilleggsnæring for bruka på Vestlandet for åra 1997 til 2003.



Figur 3.12 Driftsoverskot tilleggsnæring, gjennomsnitt for Vestlandet, 1997-2003

I gjennomsnitt betyr tilleggsnæring lite for bruka som er med i driftsgranskingane, men for enkeltbruk er tilleggsnæring eit viktig bidrag til den samla inntekta på bruket. Figur 3.13 viser driftsoverskot frå tilleggsnæring i 2003 for ulike driftsformer. I alt 70 av dei 177 vestlandsbruka som var med driftsgranskingane i 2003 hadde ei eller anna form for tilleggsnæring. For bruka på Vestlandet, er det vareproduksjon, leigekjøring og turisme som gjev høgast driftsoverskot. Det er registrert flest bruk med tilleggsnæring knytt til leigekjøring, både på Vestlandet og i resten av landet.




Figur 3.13 Driftsoverskot frå tilleggsnæring 2003 (tala i søylene viser tal bruk bak registreringa)

3.5 Totaløkonomien pa vestlandsbruka

3.5.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Nettoinntekta for landet viser realvekst i siste tiårsperioden. For Vestlandsbruka har nettoinntekta lege noko lågare enn for landsgjennomsnittet gjennom heile perioden, og siste året vart skilnaden mellom dei to noko større. Vestlandsbøndene har ikkje fullt ut klart å kompensere for nedgangen i jordbruksinntekter med andre inntekter dette året.




Figur 3.14 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet

Det er ikkje så stor skilnad mellom dei tre vestlandsfylka med tanke på nettoinntekt. Med unntak av 2002, har nettoinntekta vore lågast for brukarfamiliane i Hordaland. Bøndene i Hordaland hadde eit godt år i 2002, særleg fruktbøndene oppnådde svært gode avlingar, og dette viser att i auka nettoinntekt for 2002.




Figur 3.15 Nettoinntekt i middel per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Figurane under (figur 3.13, figur 3.14 og figur 3.15) viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien i kvart av dei tre vestlandsfylka. I Hordaland utgjer driftsoverskotet frå jordbruket ein stadig mindre del av dei samla inntektene. I 1994 henta hordalandsbonden 54 % av inntekta frå jordbruket, i 2003 utgjer driftsoverskotet frå jordbruket berre 37 % av dei samla inntektene. I den same perioden har lønsinntektene auka frå 26 % til 46 % av dei samla inntektene til familien.




Figur 3.16 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Hordaland

I Sogn og Fjordane utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 47 % av dei samla inntektene til brukarfamilien i 1994. I 2003 utgjorde jordbruket 39 % av dei samla inntektene. Lønsinntektene har i same perioden auka frå 38 % til 46 %.



Figur 3.17 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Sogn og Fjordane.

Også i Møre og Romsdal utgjør driftsoverskotet frå jordbruket ein mindre del av dei samla inntektene i 2003 (49 %) enn i 1994 (59 %), men samanlikna med dei to andre vestlandsfylka, utgjør driftsoverskotet frå jordbruket ein større del av dei samla inntektene til brukarfamilien. I Møre og Romsdal utgjorde lønsinntekt 29 % i 1994 og 33 % i 2003.




Figur 3.18 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Møre og Romsdal

3.6 Nettoinvestering


Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering kvart år sidan 1993 med unntak av 2000. Det vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. For 2002 hadde Vestlandet den høgaste nettoinvesteringa i landet med kr 47 000 per bruk i gjennomsnitt. Det er særleg investeringar i nokre store driftsbygningar på enkeltbruk som slår ut.

Av vestlandsbruka, er det bruka i Møre og Romsdal som har hatt dei største nettoinvesteringane gjennom tiårsperioden, sjå figur 3.19.



Figur 3.19 Nettoinvesteringar dei tre vestlandsfylka

Sjølv i relativt store grupper, vil store investeringar på enkeltbruk i eit år gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid. Bruka med driftsformene mjølk/storfekjøtt, sau og frukt har hatt moderate investeringar dei siste åra. På mjølkebruka var nettoinvesteringa negativ både i 2000 og 2001, men relativt høg i 2002. figur 3.20 viser nettoinvesteringar for desse driftsformene gjennom tiårsperioden. I hovudsak er det bruka med kombinert mjølk- og svinhald som har hatt dei største investeringane, sjå figur 3.23 på side 20.




Figur 3.20 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk, sau og frukt


3.7 Gjeld

Sidan 1995 har gjelda pr bruk auka for heile landet, sjå figur 3.21. Den same trenden kan vi sjå for Møre og Romsdal. I Hordaland og Sogn og Fjordane har gjelda halde seg relativt stabil fram til 2002, då gjelda auka med høvesvis kr 150 000 og kr 70 000 i middel. Også frå 2002 til 2003 auka gjelda for bruka i desse fylka.

Bruk med mjølk/ svin har den høgaste gjelda og lågaste eigenkapitalprosenten. Desse bruka har hatt høge investeringar på slutten av nittitalet i samband med endra husdyrforskrifter og auke i produksjonen. Bruka med frukt og bruka med sauehald har svært låg gjeld. Det har vore investert lite i desse driftsformene dei siste åra. Figur 3.22 viser gjeldsutvikling for dei ulike driftsformene.




Figur 3.21 Gjeld i middel per bruk for heile landet og vestlandsfylka



Figur 3.22 Gjeld i middel per bruk for dei ulike driftsformene

Bruka med driftsforma mjølk/svin har hatt store investeringar på slutten av 1990-talet. Disse bruka har også hatt størst auke i gjeld gjennom siste tiårsperiode. Figur 3.23 viser ei samanlikning av nettoinvesteringane og dei årlege endringane av gjeld for bruka med denne driftsforma. Figuren viser at det er godt samsvar mellom investeringar i jordbruket og opptak av ny gjeld.




Figur 3.23 Gjeld og nettoinvestering i jordbruket på bruk med driftsform mjølk/svin

3.8 Soliditet - egenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke nøkkeltal for å vise dette, mellom anna egenkapitalprosenten. Det syner kor stor del av eigedelane som er finansiert med eigenkapital.


Det er vanleg oppfatning at egenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg egenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg egenkapitalprosenten treng vere. I materialet er alle eigedelar til brukarfamilien med.

Eigenkapitalprosenten har gått noko ned sida midt på 1990-talet. Størst nedgang har det vore for bruka i Møre og Romsdal, men gjennomsnittet for alle tre fylka ligg godt over, eller tett opp mot 60 %.



Figur 3.24 Eigenkapitalprosent for vestlandsfylka

Ser vi på dei ulike driftsformene, er det driftsforma mjølk/ svin som har lågast egenkapitalprosent. Figur 3.23 viser at det er god samanheng mellom dei årlege endringane i gjeld og nettoinvesteringane på desse bruka. Mykje av dei investeringane som er gjennomførte dei siste åra er derfor finansierte med lånt kapital. For dei andre driftsformene har egenkapitalprosenten vore svært stabil gjennom heile perioden. Figur 3.25 viser utviklinga i egenkapitalprosent for ulike driftsformer.



Figur 3.25 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene

4 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2003

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig utval av 932 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 177 bruk frå Vestlandet; 57 i Hordaland, 62 i Sogn og Fjordane og 58 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i middel 168 dekar, 8 dekar meir enn i 2003. Arbeidsinnsatsen til familien var i 2003 i middel 2 319 timar. Dette utgjer 1,3 årsverk à 1 845 timar og er ein auke på 2,5 %. Leigd arbeid utgjer 704 timar, ein nedgang på 6,8 %. Jordbrukskapitalen var i middel per bruk kr 1 150 700.

Vederlag til arbeid og egenkapital viser ein nedgang frå 144 200 til kr 134 000 (-7,1 %) frå 2002 til 2003. I materialet for jordbruksforhandlingane er dette eit sentralt resultatmål. Ein kjem fram til dette resultatmålet ved å leggje til leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå kår og renteutgifter til lånt kapital i jordbruksdrifta. Auka jordbruksfrådrag er ikkje teke omsyn til.

Tala frå NILF viser at lønsemda varierer med **bruksstorleik og driftsform**. Av dei 177 bruka på Vestlandet som er med, har 7 bruk mindre enn 50 dekar innmark, 39 bruk har mellom 50 og 100 dekar innmark, 80 bruk har mellom 100 og 200 dekar og 34 bruk er mellom 200 og 300 dekar. Sytten bruk er større enn 300 dekar. Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for dei minste bruka var kr 72 500, medan bruka mellom 200 og 300 dekar oppnådde kr 139 700 per årsverk. Ulik driftsform forklarar mykje av skilnaden i vederlag mellom gruppene.

Mjølkeproduksjon har i mange år utgjort basisen for landbruket på Vestlandet. Det er difor flest bruk i denne gruppa (78). Talet på årskyr var i 2003 i middel 14,6, ein auke på 0,5 frå 2002. Mjølkebruket har i middel 186 dekar jord, ein auke på 9 dekar. Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk gjekk ned med kr 7 300 til kr 145 900. Dette er ein nedgang på 4,8 %. Årsaka til nedgangen er kostnadsvekst.

Kombinasjonen **mjølkeproduksjon/svinehald** har tradisjonelt hatt best lønsemnd. Siste året viser nedgang i driftsresultatet også for denne gruppa. Dette er relativt store bruk med 218 dekar innmark i middel. Driftsforma omfattar i alt 15 bruk med eit middels produksjonsomfang på 14 årskyr, 22 purker og 278 slaktegrisar. Vederlag til

arbeid og egenkapital per årsverk var kr 141 000. Det er ein nedgang på 12,9 % frå 2002. Trass i auka prisar på dei fleste produkta og auke i produksjonen, gjekk resultatet ned. Årsaka er sterk kostnadsvekst.

Sauehaldet (19 bruk) viser ein liten framgang i 2003 samanlikna med 2002. Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk var i 2003 kr 54 900. Dette er ein auke på kr 2 100 (4 %) frå året før. Auka inntekter frå kjøtproduksjon og moderat kostnadsvekst er årsaker til auken.

Frukt/sauehald (16 bruk) hadde eit nedgang i resultatet. Mindre fruktavlingar er hovudårsaka til det. Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk gjekk ned med kr 20 000 til kr 137 400 per årsverk (-12,7 %). Resultatet i fruktneringa svingar frå år til år i takt med avlingsnivået.

Driftsoverskotet per bruk på Vestlandet var i 2003 i middel kr 191 600 mot kr 208 400 i 2002. Dette er ein nedgang på 8,2 %. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt eit rimeleg rentekrav for kapitalinnsatsen. For mjølkeproduksjon var driftsoverskotet per bruk kr 212 600, mot kr 230 200 i 2002. Driftsoverskotet per bruk gjekk ned med 7,1 % for kombinasjonen mjølk og svin. For sauehald er resultatet kr 38 400 i middel, ein auke på kr 1 800 frå 2002. Driftsoverskotet gjekk ned med kr 50 200 til kr 182 800 for bruk med frukt kombinert med sau.

Nettoinvesteringa i jordbruket på Vestlandet i 2003 var kr 26 500 i gjennomsnitt per bruk. Alle tre fylka viser positiv nettoinvestering, mest i Hordaland (kr 40 000) og minst i Sogn og Fjordane (kr 3 300). Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Driftsgranskingane viser at **inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta** utgjer ein stor del av samla inntekter for brukarfamilien. Om lag 3,5 % av inntektene utanom bruket er anna næring med basis i ressursane på bruket. Lønsarbeid utgjer 41 %. Inntekter utanom jordbruket utgjorde i 2003 58 % av samla inntekter til familien mot 56 % i 2002. Går vi litt tilbake i tid, utgjorde dette 35% i 1990, 24% i 1985 og 15% i 1980.

Nettoinntekta i middel per brukarfamilie viser ein nedgang på 3,5 % til kr 407 600. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, andre næringar, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. Nedgangen skuldast nedgang i overskot frå jordbruket.

Samla gjeld auka med kr 80 600 frå 2002, og utgjer i middel kr 872 500 for alle deltakarbruka på Vestlandet. Samla innbetaling av gjeldsrenter gjekk ned med kr 1 400 til kr 43 200.

Maksimalt **Jordbruksfrådrag** er auka frå kr 47 500 i 2002 til kr 61 500 i 2003. Inntektsverknaden av dette ikkje teke omsyn til i dei presenterte resultatmåla frå driftsgranskingane. Dette utgjer om lag kr 17 000, ein auke på kr 3 300 per årsverk.

Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreieing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 177 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

Tabell 4.1 Samla oversikt for 2003

	Tal bruk	Gj.areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arb. og eigenkap. per arsv.	
			2002	2003	2002	2003
Vestlandet, alle	177	168	208 400	191 600	144 200	134 000
Hordaland	57	141	201 000	158 400	144 600	117 500
Sogn og Fjordane	62	151	161 600	171 500	125 000	130 500
Møre og Romsdal	58	211	263 800	245 900	160 000	150 500
Bruk < 50 dekar	7	40	128 200	73 300	106 800	72 500
« 50 - 100 dekar	39	76	144 600	138 000	122 900	117 500
« 100-200 dekar	80	149	219 600	198 200	155 200	140 900
« 200-300 dekar	34	234	219 800	220 500	130 100	139 700
« 300-500 dekar	15	355	336 500	250 300	175 500	127 000
Mjølkeproduksjon	78	186	230 300	213 100	153 200	145 900
Mjølksauhold	29	197	203 000	188 900	129 600	127 500
Mjølksvinehold	15	214	367 300	341 200	161 800	141 000
Sauhold	19	128	36 600	38 400	52 800	54 900
Frukt m.sau	16	62	233 000	182 800	157 400	137 400

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Tabell 4.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital per arsverk a 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975 – 2003

Ar	Tal bruk	Vederlag til arbeid og eigenkapital per arsverk		Konsumprisindeks
		Nominelle kr	2003-kr	
1975	174	31 500	132 600	26,8
1980	156	65 600	184 100	40,2
1985	167	93 700	170 700	61,9
1990	178	120 800	162 800	83,7
1995	179	125 000	149 700	94,2
1999	171	123 000	135 600	102,3
2000	171	134 000	143 300	105,5
2001	172	132 900	137 900	108,7
2002	178	144 200	147 700	110,1
2003	177	134 000	134 000	112,8

5 Tabellsamling 1994 – 2003

1. Landsdeltal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50 - 100 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100 - 200 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200 – 300 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, frukt

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 1998 – 2002. Det er presenterte tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

Tabell 1a Landsdelstal, Vestlandet
Produksjonstekniske data og opnådde prisar

Periode	1999	2000	2001	2002	2003
Tal bruk i gruppa	171	171	172	178	177
Alder på brukar	47	47	47	46	45
Arealfordeling og avling per dekar					
Korn i alt, daa	2,0	1,7	2,5	3,6	4,4
Korn i alt, FEm per daa	441	366	289	354	302
Grovfôr i alt, daa	124,3	130,0	139,9	152,0	158,9
Grovfôr i alt, FEm per daa	387	379	370	367	346
Frukt og bær, daa	3,8	3,9	3,4	3,3	3,2
Jorbruksareal i alt, daa	131,1	136,9	147,1	160,2	167,7
Jorbruksareal i alt, FEm per daa	386	376	366	367	345
Leigd areal, daa	36,7	38,4	43,5	50,8	53,9
Husdyrproduksjon					
Årskyr	8,8	8,9	9,1	9,3	9,6
Omsett mjølk, liter	47 679	48 840	49 666	51 431	54 436
Mjølkekvote	49 725	50 231	51 364	53 991	57 070
Mjølk, per årsku, kg	6 118	6 156	6 231	6 306	6 403
Storfekjøtt, kg omsett	2 051	2 190	2 027	2 052	2 284
Tal grisekull	3	3	3	3	3
Slaktegris, kg omsett	1 039	1 120	1 526	1 435	2 134
Vinterfora sauer	21	20	23	26	28
Kg kjøtt per vf sau	25	26	24	25	24
Ull, kg omsett	98	101	126	125	138
Mjølk per årsgeit, kg	483	491	506	438	493
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1 900	1 923	1 954	1 903	1 949
Ektefelle	336	350	312	344	356
Barn under 17 år	33	40	27	16	14
Sum familie	2 268	2 312	2 293	2 263	2 319
Leigd arbeid	418	409	402	475	428
Leigd arbeid, ubetalt ²⁾	246	240	236	280	276
Timar jordbruket	2 932	2 961	2 931	3 018	3 024
Timar skogbruket	67	65	69	52	50
Timar nyanlegg	51	42	45	62	44
Oppnådde prisar, kr per kg / ltr					
Bygg	1,71	1,58	1,48	1,71	1,64
Havre	1,67	1,63			
Kumjølk, liter	3,25	3,16	3,40	3,52	3,46
Kukjøtt ¹⁾	31,29	23,60	25,39	25,23	26,54
Anna storfekjøtt	36,97	27,87	30,79	30,28	31,46
Smågris, kr per stk	686	615	745	773	774
Svinekjøtt, slaktegris ¹⁾	20,14	18,87	20,35	21,73	21,58
Sau- og lammekjøtt ¹⁾	37,73	30,73	29,20	28,69	30,13
Ull	32,32	31,00	32,43	33,57	33,86
Geitemjølk, liter	5,14	3,76	3,77	3,67	3,40
Egg	11,64	10,10	10,47	12,49	13,72

1) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot i år 1999

2) Timar ubetalt leigd arbeid er berekna for åra 1999 tom 2001

Tabell 1b Landsdelstal, Vestlandet
Produksjonsinntekter og -kostnader per bruk

Periode	1999	2000	2001	2002	2003
Korn	1 131	652	645	1 750	1 770
Frukt	19 470	23 746	16 248	24 473	17 509
Andre planteprodukt	5 298	4 280	8 212	8 108	6 382
Planteprodukt	25 899	28 679	25 104	34 332	25 662
Storfe, mjølk	211 443	154 126	168 846	181 039	188 422
Stofe, livdyr og slakt	72 230	67 390	66 934	72 577	81 853
Smågris	7 030	5 300	7 781	9 113	10 226
Slaktegris	19 360	22 360	31 884	31 068	48 305
Purker og rånar	5 328	3 169	4 550	6 606	3 648
Sau, livdyr og slakt	20 753	17 753	16 478	17 317	20 818
Ull	3 141	3 440	3 694	4 278	4 614
Geit, mjølk	7 994	4 034	4 221	3 389	4 412
Geit, livdyr og slakt	203	251	211	363	192
Fjørfe, egg	4 928	9 139	7 754	2 850	7 080
Fjørfe, livdyr og slakt	1 711	-1 452	1 312	737	1 471
Andre innt. husdyrholdet	405	212	652	159	1 789
Husdyrprodukt	354 525	285 723	314 317	329 495	372 830
Areal- og kulturlandskapt tillegg, grovfôr	49 221	48 487	48 710	54 317	56 707
Areal- og kulturlandskapt tillegg, korn	528	738	716	1 072	1 595
Prod. tillegg, husdyr	48 213	54 503	54 002	59 943	63 936
Botnfrådrag				-6 092	-6 000
Ref. avløysarutgifter	32 647	39 890	38 923	45 064	36 817
Drifts-, grunn og distr.tilskot 2)		84 905	80 817	86 235	82 418
Andre tilskot og trygder	17 056	19 372	16 111	20 842	22 796
Leigeinntekter traktor og reiskap	4 781	5 680	4 200	5 932	5 793
Traktor i skogen	2 087	2 027	2 450	2 253	2 043
Anna	2 627	3 791	453	2 360	2 257
Produksjonsinntekter i alt	537 584	573 796	585 804	635 752	666 853
Kraftfôr	104 024	102 726	109 228	110 683	128 111
Andre førkostnader	4 282	6 752	4 940	4 612	7 619
Såvarer	2 033	1 763	2 275	2 426	3 094
Handelsgjødsel og kalk	16 100	14 919	15 522	16 890	17 279
Konserveringsmidlar	4 502	4 667	4 522	5 089	5 602
Kjøp av dyr	11 148	10 650	12 700	17 583	24 488
Forbr.art. og diverse	24 188	27 313	28 533	31 179	34 331
Variable kostnader	166 278	168 791	177 720	188 461	220 522
Leigd arbeid	51 339	50 494	52 241	53 517	53 346
Drivstoff	5 734	7 748	7 802	8 889	9 312
Vedl. hald jord, vegar, grøft, vassanlegg	3 385	3 380	3 447	3 669	2 772
Vedl. hald driftsbygningar	12 935	14 649	14 890	16 406	17 608
Vedl. hald traktor og maskiner	23 694	24 520	25 136	29 834	32 764
Avskrivingar	63 025	67 163	66 787	67 505	70 808
Maskinleige	5 519	6 386	6 200	7 667	10 493
Andre kostnader	41 294	45 170	48 682	51 316	57 579
Faste kostnader	206 925	219 510	225 185	238 803	254 683
Kostnader i alt	373 203	388 301	402 905	427 264	475 206

1) Botnfrådraget er fom år 2002 ført på eigen linje. Tidligere år er botnfrådraget trekt i frå på dei andre tilskota.

2) driftstilskot, grunntilskot og distrikttilskot er ikkje inkludert i prisane fom år 2000.

Dette tillegget kjem derfor som eigen linje under husdyrprodukt.

Tabell 1c Landsdelstal, Vestlandet
Resultat og balanse

Periode	1999	2000	2001	2002	2003
Driftsoverskot	164 381	185 495	182 899	208 488	191 648
- Renter av aktiva i jordbruket	66 545	69 808	71 118	76 725	57 536
Familiens arb. fortjeneste ¹⁾	97 836	115 687	111 781	131 763	134 112
Familiens arb. fortjeneste per årsverk	71 801	83 637	81 548	95 597	95 351
Lønsevne i alt	149 175	166 182	164 020	185 280	187 458
Lønsevne per time	50,87	56,13	55,96	61,39	61,99
Vederlag til arb. og eigenkap. per årsverk	123 316	134 014	132 982	144 211	134 104
Rekneskapsamandrag					
Driftsoverskot, jordbruk	164 381	185 495	182 899	208 488	191 648
Driftsoverskot, skogbruk	3 782	2 200	2 752	1 062	1 152
Driftsoverskot, tilleggsnæring	11 919	14 383	10 855	16 691	16 111
Driftsoverskot, anna næring	15 703	18 538	14 485	8 944	9 193
Lønsinntekt	148 699	160 566	168 154	185 993	187 429
Pensjonar	16 939	15 009	15 537	16 672	12 724
Sjukepengar	2 691	6 027	9 202	5 417	9 619
Andre kapitalinntekter	11 058	11 029	6 290	6 873	12 348
Arbeid nyanlegg	5 952	5 099	5 729	8 377	6 132
Renteinntekter	12 498	10 939	14 013	14 203	9 973
- Renteutgifter	35 337	36 632	41 642	44 643	43 206
- Kår	3 804	4 296	5 108	5 574	5 507
Nettoinntekt	354 481	388 357	383 166	422 503	407 616
Privatforbruk eks. skatt	257 632	274 538	283 729	282 784	294 325
Skatt	107 759	109 258	113 508	115 238	113 900
Balanseoversikt (UB)					
Kontantar og bankinnskott	242 787	244 186	239 115	255 199	275 458
Andre krav	75 105	73 125	72 587	78 815	75 786
Omløpsmidlar jordbruket	76 469	80 695	81 062	90 878	92 046
Omløpsmidlar skog	1 424	1 612	1 087	690	638
Omløpsmidlar tilleggsnæring	1 372	1 317	1 237	926	729
Omløpsmidlar anna næring	60 653	62 718	74 828	78 645	75 332
Omløpsmidlar i alt	457 810	463 653	469 916	505 153	519 989
Anleggsmidlar jordbruk	883 566	912 797	941 326	1 032 743	1 072 924
Anleggsmidlar skogbruk	30 140	33 639	32 655	34 365	34 409
Anleggsmidlar tilleggsnæring	37 594	38 093	42 435	46 673	56 814
Anleggsmidlar anna næring	19 913	14 067	14 887	11 085	15 054
Hovudbygning	391 111	402 939	412 423	440 367	458 073
Privat	82 407	79 181	87 660	90 740	95 177
Anleggsmidlar i alt	1 444 730	1 480 716	1 531 386	1 655 973	1 732 450
Eigedeler i jordbruket	960 036	993 492	1 022 387	1 123 620	1 164 970
Eigedeler i alt	1 902 539	1 944 369	2 001 302	2 161 126	2 252 439
Kortsiktig gjeld	168 550	166 368	173 908	165 781	176 825
Langsiktig gjeld	473 085	483 794	522 363	626 092	695 648
Eigenkapital	1 260 905	1 294 207	1 305 031	1 369 253	1 379 966

¹⁾ Inkluderer arbeidsfortjeneste for ubetalt arbeid

Tabell 2a Fylkestal, Hordaland
Produksjonstekniske data og oppnådde priser

Periode	1999	2000	2001	2002	2003
Tal bruk i gruppa	58	57	55	56	57
Alder på brukar	48	48	47	46	44
Arealfordeling og avling per dekar					
Korn i alt, daa	0,3	0,2	0,5	0,6	0,1
Korn i alt, FEm per daa	354	186	350	413	201
Grovfôr i alt, daa	103,9	107,2	114,2	119,7	130,6
Grovfôr i alt, FEm per daa	337	331	320	321	303
Frukt og bær, daa	10,3	10,7	9,4	9,3	8,7
Jorbruksareal i alt, daa	115,7	119,3	125,2	131,0	141,2
Jorbruksareal i alt, FEm per daa	339	334	322	322	303
Leigd areal, daa	32,0	29,6	29,0	34,5	38,1
Husdyrproduksjon					
Årskyr	6,4	6,3	6,3	6,2	6,7
Omsett mjølk, liter	34 247	33 758	34 319	34 862	35 870
Mjølkekvote	36 093	34 828	36 820	37 381	38 848
Mjølk, per årsku, kg	6089	6152	6 289	6 361	6 194
Storfekjøtt, kg omsett	1380	1431	1424	1 264	1 447
Tal grisekull	1	1	1	1	1
Slaktegris, kg omsett	799	823	1 110	1 009	1 792
Vinterfora sauer	23	24	26	28	32
Kg kjøtt per vf sau	25	25	25	25	25
Ull, kg omsett	116	122	150	129	162
Mjølk per årsgeit, kg	470	473	482	350	311
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1829	1785	1 862	1 825	1 906
Ektefelle	315	364	322	349	324
Barn under 17 år	18	32	24	21	28
Sum familie	2162	2180	2 208	2 196	2 258
Leigd arbeid	337	370	316	372	355
Leigd arbeid, ubetalt ²⁾	288	318	272	319	231
Timar jordbruket	2787	2868	2796	2 886	2 843
Timar skogbruket	78	81	86	58	63
Timar nyanlegg	52	33	26	89	62
Oppnådde priser, kr per kg / ltr					
Bygg	1,67	1,58	1,27	1,66	1,55
Kumjøl, liter	3,31	3,14	3,43	3,62	3,47
Kukjøtt ¹⁾	31,18	23,84	25,48	24,97	26,50
Anna storfekjøtt	36,86	28,16	30,87	30,10	31,41
Smågris, kr per stk	621	588	769	820	718
Svinekjøtt, slaktegris ¹⁾	20,39	18,64	20,51	21,89	22,42
Sau- og lamme kjøtt ¹⁾	38,05	30,43	29,74	28,78	30,55
Ull	31,56	31,22	32,13	33,16	33,44
Geitemjøl, liter	5,26	3,52	3,65	4,29	3,69
Egg	11,61	10,04	10,46	12,48	13,69

1) Inkl. distriktstilskot og grunnstilskot i år 1999

2) Timar ubetalt leigd arbeid er berekna for åra 1999 tom 2001

Tabell 2b Fylkestat, Hordaland
Produksjonsinntekter og -kostnader per bruk

Periode	1999	2000	2 001	2002	2 003
Korn	143	42	198	371	31
Frukt	43 713	57 493	36 884	62 414	47 455
Andre planteprodukt	3 063	2 284	4 153	4 336	3 854
Planteprodukt	46 918	59 820	41 235	67 122	51 340
Storfe, mjølk	158 888	105 881	117 733	126 343	124 398
Stofe, livdyr og slakt	48 927	44 498	44 478	45 005	54 715
Smågris	898	1 047	747	2 253	1 562
Slaktegris	15 001	15 489	23 951	22 186	40 704
Purker og rånar	751	18	1 345	3 902	-515
Sau, livdyr og slakt	22 734	20 183	19 688	20 086	24 898
Ull	3 466	3 896	4 434	4 633	5 430
Geit, mjølk	4 485	2 125	2 199	3 651	2 992
Geit, livdyr og slakt	46	230	55	284	95
Fjørfe, egg	11 149	24 602	23 968	9 029	21 746
Fjørfe, livdyr og slakt	5 779	-4 825	4 591	2 317	4 575
Andre innt. husdyrhaldet	705	213	1 614	120	636
Husdyrprodukt	272 827	213 358	244 804	239 808	281 235
Areal- og kulturlandskapt tillegg, grovfôr	40 520	39 781	39 792	42 690	47 520
Areal- og kulturlandskapt tillegg, korn		124	121	183	225
Prod. tillegg, husdyr	40 850	45 202	44 157	47 939	51 281
Botnfrådrag				-6 321	-5 895
Ref. avløysarutgifter	27 115	33 245	33 451	36 207	30 255
Drifts-, grunn og distr.tilskot		64 355	62 297	67 137	62 213
Andre tilskot og trygder	31 163	38 062	27 797	42 637	36 319
Leigeinntekter traktor og reiskap	3 426	3 721	3 110	4 746	2 911
Traktor i skogen	1 956	2 232	2 470	2 000	2 224
Anna	7 540	11 345	1 396	7 002	4 589
Produksjonsinntekter i alt	472 315	511 246	500 631	551 151	564 217
Krafftôr	78 591	81 743	84 544	76 496	101 631
